

St.prp. nr. 66

(2006–2007)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007–2013)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. mai 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Bakgrunn

Finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering vart formelt vedteken 5. mars 2007 ved rådsvedtak nr. 162/2007/EF.

Ordninga er open for deltaking frå EØS/EFTA-statane gjennom del VI i EØS-avtala, samarbeid utanfor dei fire fridommane, protokoll 31. EØS-komiteen må vedta ei innlemming av ordninga i protokoll 31, artikkel 10, for at EØS-EFTA-statane skal kunne delta.

Ordninga er ei vidareføring og utviding av eit tidlegare program, og gjeld frå 1.1.2007 til 31.12.2013. Det tidlegare programmet, EUs handlingsprogram for katastrofevernebuving, omfatta opprinneleg naturkatastrofar og «teknologiske» kriser, primært i EUs medlemsstatar. Etter kvart er så vel type kriser som geografisk omfang vorte utvida, slik at krisehandteringa no òg vert nytta overfor tredjestatar og dessutan ved humanitære kriser. Den nye ordninga inneheld juridisk grunnlag og eigne budsjettlinjer for deltaking i slike utvida aktivitetar. Det dreier seg i første rekkje om humanitære aksjonar.

Noreg er invitert til vidare samarbeid innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving, medrekna deltaking i den nye finansieringsord-

ninga for sivil krisehandtering. Deltakinga medfører finansielle bidrag i heile programperioden frå 2007 til 2013. I medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt å innhente Stortinget sitt samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne delta i ordninga så snart som mogleg i 2007, vert stortingssproposisjonen fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen.

Utkast til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av rådsvedtak 2007/162/EF følger som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om samarbeidet med EU om sivil krisehandtering og den nye finansieringsordninga

Noreg har sidan 1998 teke del i EUs handlingsprogram for katastrofevernebuving, jf. St.prp. nr. 45 (1999-2000). Dette programmet vart lengt ut perioden 2006, jf. St.prp. nr. 51 (2004 – 2005). Frå 2002 har Noreg òg teke del i det operative verktøyet, den såkalla fellesskapsordninga for sivil krisehandtering, jf. St.prp. nr. 37 (2002-2003). Deltakinga er basert på EØS-avtala og inneber rett til deltaking i

arbeids- og styringsgrupper under Kommisjonen i tillegg til innmelding av norske ressursar som kan mobiliserast etter oppmoding frå krisekoordineringssenteret til Kommisjonen.

Den nye finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering gjev retningslinjer for finansiering av innsats og krisehandtering ved større katastrofar, med utgangspunkt i det tidlegare handlingsprogrammet og fellesskapsordninga for sivil krisehandtering. Den nye finansieringsordninga for sivil krisehandtering gjev fellesskapsordninga ei økonomisk plattform og har same lengd som EUs langtidsbudsjett. Rådet forhandlar no om innhaldet i eit vedtak om korleis fellesskapsordninga kan verte styrkt. Det er venta at dette rådsvedtaket vert vedteke til hausten. Inntil den nye fellesskapsordninga er vedteken, vert den tidlegare ordninga som er omtala i St.prp. nr. 37 (2002-2003), vidareført.

Intensjonen med den nye finansieringsordninga er først og fremst å sikre betre vern av menneske, men òg miljø, eigedom og kulturverdiar. Ordninga dekkjer hendingar som har årsak i natur, menneske, terrorhandlingar, teknologiske kriser og kriser knytte til stråling, kjernekraft og miljø, medrekna kystureining nær land både innanfor og utanfor Den europeiske unionen. Ordninga rører ikkje ved pliktene under anna lovgjeving i EU eller andre internasjonale avtaler. Finansieringsordninga for sivil krisehandtering opnar for samarbeid med kandidatstatar og andre tredjestatar som har avtaler med Fellesskapet som opnar for dette.

Ordninga opnar for at Kommisjonen kan finansiere ulike transportmiddel for å støtte og effektivisere dei nasjonale innsatsane når det skjer ei katastrofe. Medlemsstatane og EØS-statane kan få dekt 50 % av transportkostnadene dersom dei under ei katastrofe ber om hjelp til å frakte assistansen til det katastroferamma landet. Det betyr at Noreg på visse vilkår kan få dekt 50 % av transportkostnadene av Kommisjonen dersom vi tilbyr hjelp i Europa og i tredjestatar. Ordninga vil òg finansiere ulike prosjekt, øvingar, trening, og utveksling av fagkunnskap når det gjeld førebygging av alle slags kriser innanfor sivil krisehandtering.

Ordninga vil òg styrkje preventive tiltak og førebygging av alle slags kriser som tidlegare kom inn under handlingsprogrammet for sivil krisehandtering.

Ordninga vil styrkje Kommisjonens krisekoordineringssenter. Krisekommunikasjonssystemet CECIS vil verte oppgradert for påliteleg og sikker kommunikasjon mellom medlemsstatane i tillegg til at eksisterande varslingsystem vil verte vidareutvikla.

Finansieringsordninga opnar vidare for å gå ut i marknaden og leige transportmiddel i tillegg til anna utstyr som trengst under ei krisehandtering. Ordninga inneheld ei rekkje vilkår for at dette kan verte utført, m.a. at dei statane som tek del, manglar dei ressursane som dei leiger, og at styresmaktene i det katastroferamma landet har akseptert hjelpa. Kommisjonen har fått fullmakt til å leige transportmiddel dersom dei statane som tek del, manglar transport under ei katastrofehandtering. Det er sett som krav at høgst 50 % av budsjettet skal kunne nyttast til å supplere eller støtte dei statane som tek del, med transport eller materiell som nemnt ovanfor.

Den finansielle støtta som statane får under denne ordninga, skal ikkje overlappe andre program i EU.

Det følgjer av rådsvedtaket at Kommisjonen skal støttast av ein komité for sivil krisehandtering som omfattar representantar frå deltakarstatane. Komiteen har kvartalsvise møte, og Noreg er representert ved Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) på vegner av Justis- og politidepartementet. Det kan òg vere aktuelt med deltaking frå Utanriksdepartementet i lys av tredjestatsinnsatsen.

Det følgjer vidare at Kommisjonen skal leggje fram ei evaluering av finansieringsordninga for sivil krisehandtering innan 30. juni 2010. Innan 31. desember 2011 skal Kommisjonen leggje fram ei tilråding om korleis denne finansieringsordninga skal vidareførast.

2.1 Styrking av fellesskapsordninga for sivil krisehandtering

Finansieringsordninga for sivil krisehandtering må sjåast i samanheng med fellesskapsordninga for sivil krisehandtering og katastrofevernebuing. Det er no i gang ein prosess i Rådet for å styrkje og vidareføre denne ordninga.

Det overordna føremålet med fellesskapsordninga er å leggje til rette for at ressursane til dei statane som tek del, kan verte nytta på best mogleg måte ved ulike typar kriser i og utanfor Unionen. Det er opp til det katastroferamma landet å be om støtte frå andre statar og frå Kommisjonen. Dersom det kjem ein førespurnad om hjelp, skal Kommisjonens krisekoordineringssenter vidaresende denne til dei nasjonale kontaktpunkta til dei statane som tek del, som i Noreg er Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Det er opp til kvar einskild stat å avgjere om og korleis han skal svare på førespurnaden om hjelp.

Styrkinga av fellesskapsordninga for sivil krisehandtering og katastrofevernebuving skal effektivisere den operative støtta frå medlemsstatane og leggje til rette for auka samarbeid. Sivil krisehandtering og katastrofevernebuving er eit nasjonalt ansvar, og hovudrolla til Kommisjonen er å støtte dei nasjonale innsatsane. Noreg kan medverke med ulike nasjonale ekspertmiljø og andre ressursar i samband med sivil krisehandtering. Samarbeidet innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving styrkjer evna til innsats i kriser, og effektiviserer bruken av innsatsgrupper, ekspertar og andre ressursar gjennom ein solid struktur i tillegg til auka koordinering med andre internasjonale organisasjonar.

2.2 Innsats i tredjestatar

Der fellesskapsordninga for sivil krisehandtering og katastrofevernebuving vert aktivert etter ei oppmoding om hjelp utanfor dei statane som tek del, skal innsatsen styrast av dei grunnleggjande humanitære prinsippa. Desse byggjer på at hjelpa er ikkje-diskriminerande, uavhengig, upartisk og i tråd med kva dei som er ramma treng og ønskjer, slik det er fastsett i rådsforordning (EF) nr. 1257/96 om humanitær hjelp. I denne samanhengen vert det understreka at innsatsen må vere samordna med og i samsvar med andre internasjonale organisasjonar og spesielt Dei sameinte nasjonane (SN). Det er ein føresetnad at denne typen hjelp òg er samordna med med EUs eige organ for humanitær hjelp, ECHO.

Kommisjonen er ansvarleg for at dei midla som er knytte til finansieringsordninga for sivil krisehandtering, ikkje vert misbrukte, men er i samsvar med dei gjeldande finansielle føresegnene i EU. Inntil 4 % av budsjettet er sett av til kontroll, overvaking, tilsyn, evaluering og oppfølging av dei tiltaka og programma som vert finansierte under finansieringsordninga.

3 Konstitusjonelle tilhøve

Fordi den norske deltakinga i ordninga inneber økonomiske utgifter som skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltakinga i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS-EFTA-statane å formelt ta del i ordninga så snøgt som råd

i 2007, ber Regjeringa om Stortinget sitt samtykke før avgjerda i EØS-komiteen vert teken. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald om konstitusjonelle prosedyrar ved avgjerd i EØS-komiteen.

Det er ikkje venta at det vil kome endringer i utkastet til avgjerd i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda ikkje i det alt vesentlege er i samsvar med utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Avgjerda i EØS-komiteen vil innehalde ei innleiing og tre artiklar, med sikte på deltaking for EØS-EFTA-statane i finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007–2013). I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å vedta endringar av vedlegga til avtala.

Artikkel 1 i utkastet slår fast at artikkel 10 i protokoll 31 i EØS-avtala får eit tillegg om at avtala òg skal omfatte rådsvedtak nr. 162/2007/EF av 5. mars 2007 om finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering.

Artikkel 2 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke meldingar frå alle partane i komiteen i medhald av artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Avgjerda i EØS-komiteen vil innebere ei plikt for EØS-EFTA-statane til å ta del i finansieringa av programmet.

Det finansielle bidraget til EØS-EFTA-statane til programdeltaking vert fastsett i medhald av artikkel 82 nr. 1 bokstav a) i EØS-avtala. Bidraget reflekterer den relative delen som bruttonasjonalproduktet til kvar stat utgjer i høve til det samla bruttonasjonalproduktet til EU-statane. For 2007 utgjer bidraget frå EØS-EFTA-statane 2,28 prosent av totalbudsjettet for finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering. Noregs del er 94,15 prosent av EFTA-bidraget. Desse to fordelingsnøklane vert justerte kvart år.

Finansieringsordninga for sivil krisehandtering har eit budsjett på 189 800 000 euro for perioden 2007–2013. EØS-EFTA-statane sin del av dette vil vere på om lag 4 327 000 euro. Noregs gjennomsnittlege årlege bidrag fordelt på programperioden vil utgjere om lag 5,7 millionar kroner, medrekna administrative kostnader.

Røynsler viser at faktiske utgifter som har kome på for kvart einskilt år i programperioden, vil variere i takt med framdrifta for dei prosjekta som inngår i programmet. Kontingentutbetalingane fordele seg difor ujamnt over åra. Prosjekt som vert sette i gang mot slutten av ein programperiode, held fram også etter at det aktuelle programmet formelt er avslutta, i praksis i inntil tre år. Kontingentutbetalingane og nokre av følgjekostnadene vil difor fordele seg på fleire år enn programperioden.

Noregs bidrag til programdeltakinga har hittil vorte dekte over budsjettet til Justis- og politidepartementet gjennom Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Det vert gjort framlegg om at de norske bidraget framover òg vert dekt over budsjettet til Justisdepartementet ved Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, kap 451, post 01. Utanriksdepartementet vil dekkje utgiftene til den delen av programmet som kan knyttast til humanitær hjelp overfor tredjestatar over kap. 163, post 70. For 2007 vil det norske nettobidraget til det nye programmet utgjere totalt 373 421 euro eller om lag 3 mill. kroner.

Deltakinga i ordninga krev ikkje lov- eller forskriftsendringar.

6 Vurdering og tilråding

EUs samarbeid innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving skal redusere risiko for og skade på menneske, miljø, eigedom og kulturverdiar ved katastrofar, store uønskte hendingar og ulukker. På bakgrunn av røynsler frå større hendingar som har ramma Europa og europearar dei siste åra, ønskjer EU å styrkje dette samarbeidet. Nye økonomiske rammer og dagens politiske merksemd rundt krisehandtering og EUs evne til å drive krisehandtering i og utanfor EU, vil medverke til ytterlegare satsing på samarbeidet innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving.

Deltakinga i samarbeidet innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving vil styrkje den nasjonale vernebuvinga. Noreg kan dersom det trengst be om hjelp i form av ekspertar, ressurar og kompetanse for å støtte nasjonal krisehandtering, og gjennom omfattande trenings- og kurspro-

gram kan ekspertar få auka kompetansen sin innan sivil krisehandtering og katastrofevernebuving.

Det vil vere gunstig for Noreg å kunne påverke og styrkje arbeidet som er i gang i EU innanfor sivil krisehandtering og katastrofevernebuving i ein retning som utfyller og støttar arbeidet innan SN og andre internasjonale organisasjonar. Ettersom Noreg ikkje har tilgang til diskusjonen i Rådet, er Komiteen for sivil krisehandtering under Europakommisjonen ein viktig kanal der Noreg kan fremje faglege innspel og fange opp initiativ på eit tidleg stadium. Under visse føresetnader vil fellesskapsordninga for sivil krisehandtering og katastrofevernebuving vere ein reiskap for å støtte krisehandtering som fell innanfor avdeling V i EU-konvensjonen om EUs felles tryggleiks- og utanrikspolitikk (ESDP). Norsk deltaking i finansieringsordninga for sivil krisehandtering kan difor gjere det mogleg med ei nærmare tilknytning til ESDP.

Deltakinga i finansieringsordninga vil vere i tråd med dei måla som ligg til grunn for det nasjonale samfunnstryggleiksarbeidet, jfr. Innst. S. nr. 49 (2004–2005), jfr. St.meld. nr. 39 (2003–2004) «Samfunnstryggleik og sivilt-militært samarbeid».

Utanriksdepartementet vil peike på at utvidinga av ordninga til å gjelde innsats i tredjestatar der det oppstår humanitære kriser reiser fleire humanitærpolitiske og prinsipielle spørsmål. I første rekkje gjeld dette tilhøvet til SN og faren for at auka fellesskapsengasjement kan føre til at fellesskapsengasjementet vil overlappe SNs innsats på det humanitære området. Det er SNs kontor for koordinering av humanitær hjelp (OCHA) som har hovudansvaret for å koordinere internasjonal humanitær hjelp. Frå norsk side er det ei hovudprioritering å støtte SN og OCHAs rolle på dette området. Gjennom deltakinga i programmet bør Noreg arbeide for å sikre SNs leiande rolle i koordineringa av humanitær hjelp, motverke overlapping og sikre effektiv arbeidsdeling med SN, Raudkross-systemet og andre sentrale humanitære aktørar. Dette samsvarar med haldninga til sentrale humanitære aktørar som Sverige og Storbritannia med omsyn til koordineringa av internasjonal humanitær innsats.

Det er viktig at den internasjonale humanitærpolitiske innsatsen og bruken av dei humanitære midla tek utgangspunkt i kva dei naudlidande treng og resultat i felten slik at det internasjonale hjelpearbeidet vert organisert på ein mest mogleg føremålstenleg, kostnadseffektiv og upartisk måte. Noreg er blant dei statane som har slutta seg til prinsippa om «godt humanitært gjevarkap» der dette står sentralt. Det må heller ikkje oppstå tvil

om rolla og funksjonen til dei deltakande kapasitetane i den aktuelle krisa, t.d. ved bruk av ikkje-sivile element.

Norsk deltaking i ordninga inneber ikkje at Noreg legg opp til å kanalisere ytterlegare humanitære midlar til konkrete operasjonar gjennom ordninga. Hovudkanalane for Noregs humanitære hjelp bør framleis vere SN, Raudekrossen og frivillige organisasjonar. Utanriksdepartementet legg likevel vekt på det høvet aktiv deltaking i programkomiteen gjev til å påverke og koordinere EUs framtidige vegval med omsyn til kanalisering av hjelp ved internasjonale humanitære kriser og katastrofar.

Justis- og politidepartementet tilrår norsk deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007–2013).

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007 – 2013), i samsvar med eit framlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007-2013)

I

Stortinget gjev sitt samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av finansieringsordninga til EU for sivil krisehandtering (2007–2013).

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. .../... av ...¹.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 2007/162/EF, Euratom av 5. mars 2007 om fastsetjing av ei finansieringsordning for sivil krisehandtering².
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2007 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 10 nr. 8 i protokoll 31 til avtala, etter bokstav b), skal ny bokstav c) lyde:

«c Fellesskapsrettsakter som får anvendelse fra 1. januar 2007:

¹ TEU ...

² TEU L 71 av 10.3.2007, s. 9.

- **32007 D 0162:** Rådsvedtak 2007/162/EF, Euratom av 5. mars 2007 om fastsetjing av ei finansieringsordning for sivil krisehandtering (EUT L 71 av 10.3.2007, s. 9).»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala³.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2007.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Tidend for Den europeiske unionen.

Utferda i Brussel, [...]

For EØS-komiteen

Formann

[...]

Sekretærer for EØS-komiteen

[...]

³ [Forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

Vedlegg 2**Rådsvedtak av 5. mars 2007 om fastsetjing av ei finansieringsordning for sivil krisehandtering (2007/162/EF, Euratom)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308,

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet, særleg artikkel 203,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen, med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁴ og

ut frå desse synsmåtane:

1. I medhald av artikkel 3 nr. 1 bokstav u) i EF-traktaten skal verksemda til Fellesskapet omfatte tiltak på området sivil krisehandtering.
2. For dette føremålet vart det ved vedtak 2001/792/EF, Euratom⁵ skipa ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor sivil krisehandtering (fellesskapsordninga).
3. Rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing⁶ slutta å gjelde 31. desember 2006.
4. Det må skipast ei finansieringsordning for sivil krisehandtering (heretter kalla «finansieringsordninga») som gjer det mogleg å gje økonomisk hjelp, både for å medverke til ein meir effektiv innsats ved større katastrofesituasjonar, særleg i samanheng med vedtak 2001/792/EF, Euratom, og for å styrkje førebyggjande tiltak og vernebuingstiltak ved alle former for katastrofar, både naturlege og menneskeskapte, ved terrorhandlingar, medrekna kjemiske og biologiske terrorhandlingar, og terrorhandlingar knytte til stråling og kjernekraft, og ved teknologiske ulukker, strålingsulukker eller miljøulukker, medrekna vidareføring av tiltak som før var gjorde i medhald av vedtak 1999/847/EF.
5. For å sikre kontinuiteten med vedtak 1999/847/EF bør dette vedtaket nyttast frå 1. januar 2007.
6. Finansieringsordninga vil sikre at den europeiske solidariteten med statar som vert råka av større katastrofesituasjonar, får eit synleg uttrykk ved at det vert stilt støtte til rådvelde gjennom mobilisering av hjelpeaksjonsmiddel i medlemsstatane.
7. På grunn av dei geografiske, topografiske, sosiale og økonomiske tilhøva sine har dei isolerte og mest fjerntliggjande regionane eller øyane og einskilte andre område i Fellesskapet ofte visse særtrekk og særskilde krav. Desse særtrekka har negative verknader som gjer det vanskeleg å kome fram til dei med hjelp og innsatsgrupper, og gjer det naudsynt med særlege tiltak dersom det ligg føre ein alvorleg risiko for ein større katastrofesituasjon.
8. Dette vedtaket bør ikkje røre ved tiltak som høyrer inn under europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1717/2006 av 15. november 2006 om fastsetjing av ei stabilitetsordning⁷, folkehelseiltak som er vedtekne i medhald av fellesskapsregelverket om fellesskapshandlingsprogram på helseområdet, eller forbrukarverntiltaka som er vedtekne i medhald av europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007-2013)⁸.
9. Av omsyn til samanhengen bør dette vedtaket ikkje omfatte tiltak som høyrer inn under rådsavgjerd 2007/124/EF, Euratom av 12. februar 2007 om fastsetjing, for tidsrommet 2007-2013, av særprogrammet «Førebygging, vernebuing og konsekvenshandtering av terrorisme og andre tryggleiksrelaterte risikoar»⁹ som ein del av det allmenne programmet om tryggleik og vern av fridommar, eller tiltak som er knytte til

⁴ TEU C 291 E av 30.11.2006, s. 104.

⁵ TEF L 297 av 15.11.2001, s. 7.

⁶ TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53. Vedtaket endra ved vedtak 2005/12/EF (TEU L 6 av 8.1.2005, s. 7).

⁷ TEU L 327 av 24.11.2006, s. 1.

⁸ TEU L 404 av 30.12.2006, s. 39.

⁹ TEU L 58 av 24.2.2007, s. 1.

trygging av lov og orden og til vern av den indre tryggleiken.

10. Dette vedtaket bør ikkje nyttast på verksemd som er omfatta av rådsforordning (EF) nr. 1257/96 av 20. juni 1996 om humanitær hjelp¹⁰.
11. Ettersom europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2850/2000/EF av 20. desember 2000 om fastsettelse av en fellesskapsramme for samarbeid om utilsiktet eller tilsiktet havforurensning¹¹ slutta å gjelde 31. desember 2006, bør dette vedtaket gjennom fellesskapsordninga omfatte innsats i tilfelle katastrofar med utilsikta havureining. Dei førebuande aspekta og vernebuingsaspekta bør omfattast av andre rettsakter, t.d. europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1406/2002 av 27. juni 2002 om opprettelse av et europeisk sjøsikkerhetsbyrå¹².
12. For å sikre at finansieringsordninga verkar på ein fullgod måte bør dei tiltaka som får tildelt finansiell støtte, ha potensial til å kunne medverke på ein praktisk og snøgg måte ved forebygging av og vernebuing ved katastrofesituasjonar og med innsats ved større katastrofesituasjonar.
13. Fellesskapsordninga bør støttast av eit effektivt og integrert system for oppdaging og tidleg varslingsom som kan varsle medlemsstatane og Fellesskapet om katastrofar eller katastrofetrugsmål som kan få verknader for territoriet til medlemsstatane. Sjølv om avgjerdar om skiping av slike system bør takast i medhald av andre særskilde ordningar, bør finansieringsordninga — ettersom fellesskapsordninga òg er ein brukar — medverke til at slike system vert skipa ved å melde frå om kva som trengst, og ved å sikre at systema både er kopla saman med kvarandre og knytte til fellesskapsordninga. Straks desse systema er på plass, bør fellesskapsordninga utnytte dei fullt ut og medverke til at dei vert utvikla vidare med alle dei midla som elles finst tilgjengelege i medhald av dette vedtaket.
14. Kommisjonen bør syte for høveleg logistikkstøtte til dei sakkunnige som han sender ut i samband med vurdering og/eller samordning.
15. Medlemsstatane har ansvaret for å syte for utstyr og transport i samband med den hjelpa

som dei gjev til sivil krisehandtering innanfor ramma av fellesskapsordninga. Medlemsstatane bør òg syte for høveleg logistikkstøtte til dei innsatsgruppene eller -einingane som dei sender ut.

16. Kommisjonen har likevel ei rolle å spele når det gjeld å støtte medlemsstatane ved å leggje til rette for at medlemsstatane kan samle ressursane sine når det gjeld transport og utstyr. Kommisjonen vil òg kunne hjelpe medlemsstatane med å identifisere og lette tilgangen deira til transportressursar som kan vere tilgjengelege frå andre kjelder, medrekna den kommersielle marknaden. Kommisjonen vil kunne hjelpe medlemsstatane med å identifisere utstyr som kan stillast til rådvelde frå andre kjelder.
17. Der det er naudsynt, bør Kommisjonen òg kunne utfylle dei transportmidla som medlemsstatane stiller til rådvelde, ved å finansiere utfyllande transport som er naudsynt for å sikre ein mest mogleg ein snøgg og effektiv innsats for sivil krisehandtering i medhald av fellesskapsordninga. Slik finansiering bør vere underlagd visse kriterium, og delar av den mottekne støtta bør kunne betalast tilbake.
18. Tildelinga av kontraktar om offentlege innkjøp og tilskot i medhald av finansieringsordninga bør gjennomførast i samsvar med rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1605/2002 av 25. juni 2002 om finansreglementet som får anvendelse på De europeiske fellesskaps alminnelige budsjett¹³ (heretter kalla «finansreglementet»). Ut frå særtekkja ved tiltaka på området sivil krisehandtering bør det fastsetjast at det òg kan gjevast finansiell støtte til fysiske personar. Det er dessutan viktig at reglane i den nemnde forordninga er stetta, særleg når det gjeld dei prinsippa om økonomi, effektivitet og verknader som er fastsette i forordninga.
19. Det bør vere mogleg for tredjestatar å ta del i finansieringsordninga.
20. Når fellesskapsordninga vert aktivert for å etterkomme ei oppmoding om hjelp utanfor Fellesskapet som ledd i den overordna humanitære fellesskapsinnsatsen, er det særleg viktig at det er komplementaritet og samanheng mellom tiltak i medhald av dette vedtaket og tiltak som er finansierte i medhald av forordning (EF) nr. 1257/96, og at tiltaka i medhald av dette vedtaket er underlagde dei humanitære prinsippa som er fastsette i den nemnde forordninga, dvs. at slike tiltak, i samsvar med dei all-

¹⁰ TEF L 163 av 2.7.1996, s. 1. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2003/1882/EF (TEU L 284 av 30.10.2003, s. 1).

¹¹ TEF L 332 av 28.12.2000, s. 1. Vedtaket endra ved vedtak nr. 787/2004/EF (TEU L 138 av 30.4.2004, s. 12).

¹² TEF L 208 av 5.8.2002, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1891/2006 (TEU L 394 av 30.12.2006, s. 1).

¹³ TEF L 248 av 16.9.2002, s. 1. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1995/2006 (TEU L 390 av 30.12.2006, s. 1).

menne reglane for sivil krisehandtering, bør sikre lik handsaming og vere uavhengige, upartiske og i samsvar med behova og interessene til ofra.

21. Samordning og samsvar med tiltaka til internasjonale organisasjonar og organ bør sikrast når det gjeld hjelpeaksjonar i tredjestatar.
22. For at det skal vere enklare for Kommisjonen å følgje gjennomføringa av dette vedtaket, bør det vere mogleg, på initiativ frå Kommisjonen, å finansiere utgifter i samband med overvaking, kontroll, revisjon og evaluering av gjennomføringa.
23. Det bør fastsetjast eigna føresegner for å sikre tilstrekkeleg overvaking av gjennomføringa av dei tiltaka som får finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga.
24. Det bør òg gjerast eigna tiltak for å hindre avvik og svik, og for å krevje tilbake midlar som er tapte, utbetalte på urettkome vis eller nytta på feil måte, i samsvar med rådsforordning (EF, Euratom) nr. 2988/95 av 18. desember 1995 om beskyttelse av De europeiske fellesskaps økonomiske interesser¹⁴, rådsforordning (Euratom, EF) nr. 2185/96 av 11. november 1996 om kontroll og inspeksjon på stedet som foretas av Kommisjonen for å beskytte De europeiske fellesskaps økonomiske interesser mot bedrageri og andre uregelmessigheter¹⁵ og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1073/1999 av 25. mai 1999 om undersøkelser som foretas av Det europeiske kontor for bedrageribekjempelse (OLAF)¹⁶.
25. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør gjerast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen¹⁷, på ein slik måte at det vert skilt mellom dei tiltaka som er underlagde framgangsmåten med forvaltingsutval, og dei tiltaka som er underlagde framgangsmåten med forskriftsutval, der den sistnemnde i visse tilfelle er den mest eigna med tanke på kor viktige tiltaka er.
26. I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet som finansieringsordninga varer, ført opp ein finansiell referansesum slik det er definert i nr. 38 i den tverrinstitusjonelle avtala av 17. mai 2006 mellom Europaparlamentet, Rådet og

Kommisjonen om budsjett disiplin og god økonomistyring¹⁸, utan at dette rører ved dei fullmaktene som budsjettstyresmakta har i medhald av EF-traktaten. Denne summen bør finansierast delvis frå underavsnitt 3B «Borgarskap» og delvis frå underavsnitt 4 «EU som ein global partner» i den finansielle ramma 2007-2013.

27. Gjennomføringa av dette vedtaket bør evaluerast jamleg.
28. Ettersom måla for dette vedtaket ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane aleine og difor, på grunn av omfanget og verknadene av tiltaka som skal finansierast i medhald av denne finansieringsordninga, samstundes som det vert teke omsyn til føremonene når det gjeld å redusere tap av menneskeliv og personskadar og dessutan miljømessige, økonomiske og materielle skadar, betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet gjere tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i EF-traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samnhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjerda lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
29. EF-traktaten og Euratom-traktaten inneheld ingen andre fullmakter for å gjere dette vedtaket enn dei som er fastsette i høvesvis artikkel 308 og 203 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Mål

1. Ved dette vedtaket vert det skipa ei finansieringsordning for sivil krisehandtering («finansieringsordninga») som skal støtte og utfylle den innsatsen som medlemsstatane gjer for å verne, først og fremst personar, men òg miljø og eigedom, medrekna kulturarven, i tilfelle naturkatastrofar og menneskeskapte katastrofar, terrorhandlingar og teknologiske ulukker, strålingsulukker eller miljøulukker, og styrkje samarbeidet mellom medlemsstatane på området sivil krisehandtering.

Finansieringsordninga skal gjelde i tidsrommet 1. januar 2007-31. desember 2013.

2. I dette vedtaket er det fastsett reglar for yting av finansiell støtte til:
 - a) tiltak innanfor det området som fellesskapsordninga omfattar, med sikte på å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor sivil krisehandtering (fellesskapsordninga),

¹⁴ TEF L 312 av 23.12.1995, s. 1.

¹⁵ TEF L 292 av 15.11.1996, s. 2.

¹⁶ TEF L 136 av 31.5.1999, s. 1.

¹⁷ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23. Vedtaket endra ved avgjerd 2006/512/EF (TEU L 200 av 22.7.2006, s. 11).

¹⁸ TEU C 139 av 14.6.2006, s. 1.

- b) tiltak for å hindre eller minske verknadene av katastrofesituasjonar, og
- c) tiltak som tek sikte på å betre vernebuinga til Fellesskapet i samband med innsats ved katastrofar, medrekna tiltak for å gjere EU-borgarane meir medvitne.
- 3. Dette vedtaket inneheld særlege føresegner for finansiering av visse transportressursar dersom det skulle oppstå ein større katastrofesituasjon, slik at det vert mogleg med ein snøgg og effektiv innsats i eit slikt tilfelle.
- 4. Dette vedtaket skal ta omsyn til dei særlege behova til isolerte, fjerntliggjande og andre regionar eller øyar i Fellesskapet dersom det skulle oppstå ein katastrofesituasjon.

Artikkel 2

Verkeområde

- 1. Dette vedtaket skal nyttast på førebyggjande tiltak og vernebuingtiltak ved alle former for katastrofar som skjer innanfor Fellesskapet og i statar som tek del på grunnlag av artikkel 7.
- 2. Dette vedtaket skal nyttast på innsats for å motverke dei direkte følgjene av større katastrofar av alle slag, medrekna bruk av fellesskapsordninga til innsats ved katastrofesituasjonar som omfattar utilsikta havureining i eller utanfor Fellesskapet, dersom det vert bede om hjelp i samsvar med fellesskapsordninga.
- 3. Dette vedtaket skal ikkje nyttast på følgjande:
 - a) tiltak som høyrer inn under forordning (EF) nr. 1717/2006,
 - b) tiltak som høyrer inn under fellesskaps-handlingsprogram på helseområdet,
 - c) tiltak som høyrer inn under avgjerd nr. 1926/2006/EF,
 - d) tiltak som høyrer inn under avgjerd 2007/124/EF, Euratom,
 - e) tiltak som høyrer inn under forordning (EF) nr. 1257/96, utan at det rører ved artikkel 4 nr. 2 bokstav c) i dette vedtaket,
 - f) tiltak som høyrer inn under forordning (EF) nr. 1406/2002.

Artikkel 3

Definisjonar

I dette vedtaket tyder

- a) «katastrofesituasjon» alle situasjonar som har eller kan ha ein negativ verknad på personar, miljø eller eigedom,
- b) «større katastrofesituasjon» alle situasjonar som har eller kan ha ein negativ innverknad på personar, miljø eller eigedom, og som kan føre

til at det kjem ei oppmoding om hjelp i medhald av fellesskapsordninga,

- c) «innsats» alle tiltak som vert gjorde i medhald av fellesskapsordninga under eller etter ein større katastrofesituasjon for å motverke dei direkte følgjene ein slik situasjon,
- d) «vernebuing» ein tilstand der menneskelege og materielle ressursar vert stilte til rådvelde på førehand for å sikre ein effektiv snøgg innsats dersom det skulle oppstå ein katastrofesituasjon,
- e) «førebygging» alle tiltak som støttar medlemsstatane i å førebyggje risikoar eller minske skadar på personar, miljø eller eigedom som følgje av katastrofesituasjonar,
- f) «tidleg varsling» informasjon som er effektiv og skaffa fram i rett tid, og som gjer det mogleg å setje i verk tiltak for å unngå eller minske risikoar og sikre vernebuinga for ein effektiv innsats.

Artikkel 4

Tiltak som kan få støtte, og kriterium

- 1. Følgjande tiltak kan få finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga med omsyn til førebygging og vernebuing:
 - a) Studiar, granskingar, utarbeiding av modelar og scenario med sikte på
 - i. å fremje utveksling av kunnskap, god praksis og informasjon, og
 - ii. å betre førebygging, førebuing og effektiv innsats,
 - b) Opplæring, øvingar, arbeidsgrupper, utveksling av personale og sakkunnige, skiping av nettverk, demonstrasjonsprosjekt og teknologioverføring med sikte på å betre førebuing, vernebuing og effektiv innsats.
 - c) Offentleg informasjon, utdanning, haldningsskapande arbeid og tilhøyrande spreingstiltak som tek sikte på å minske verknadene av katastrofesituasjonar mest mogleg for EU-borgarane, og hjelpe EU-borgarane med å verne seg sjølve på ein meir effektiv måte.
 - d) Vedlikehald av dei funksjonane som overvåkings- og informasjonssenteret til ordninga har for å fremje ein snøgg innsats dersom det skulle oppstå ein større katastrofesituasjon.
 - e) Kommunikasjonstiltak med sikte på å gjere fellesskapsinnsatsen meir synleg.
 - f) Medverknad til utvikling av system for påvising og tidleg varsling av katastrofar som kan ha innverknad på territoriet til

medlemsstatane, for såleis få i stand ein snøgg innsats frå medlemsstatane og Fellesskapet si side, og medverknad til skiping av slike system på grunnlag av studiar og vurderingar av kva slags system som trengst og korleis dei kan gjennomførast, og på grunnlag av tiltak for å fremje sambandet deira med overvåkings- og informasjonssenteret og CECIS-systemet, som er nemnt i bokstav g). Desse systema skal ta omsyn til og byggje på dei informasjons-, overvåkings- og påvisingskjeldene som alt ligg føre,

- g) Skiping og vedlikehald av eit sikkert felles kommunikasjons- og informasjonssystem ved katastrofesituasjonar (CECIS) og verkøy med sikte på kommunikasjon og informasjonsdeling mellom overvåkings- og informasjonssenteret og kontaktpunkta til medlemsstatane og andre som tek del innanfor ramma av fellesskapsordninga.
 - h) Overvåkings-, vurderings- og evalueringsverksemd.
 - i) Skiping av eit program som byggjer på dei røynsleane som er gjorde i samband med hjelpeaksjonar og øvingar innanfor ramma av fellesskapsordninga.
2. Følgjande tiltak kan få finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga med omsyn til innsats i medhald av fellesskapsordninga:
- a) Utsending av sakkunnige på området vurdering og samordning, saman med støtteutstyr til desse, særleg kommunikasjonsverkøy, for å gjere det enklare å yte hjelp og å samarbeide med andre aktørar på staden.
 - b) Støtte til medlemsstatane for at dei skal få tilgang til utstyr og transportressursar ved å
 - i. gje og dele informasjon om utstyr og transportressursar som medlemsstatane kan stille til rådvelde med sikte på felles bruk av slikt utstyr eller slike ressursar,
 - ii. hjelpe medlemsstatane med å identifisere og lette tilgangen deira til transportressursar som kan vere tilgjengelege frå andre kjelder, medrekna den kommersielle marknaden,
 - iii. hjelpe medlemsstatane med å identifisere utstyr som kan stillast til rådvelde frå andre kjelder, medrekna den kommersielle marknaden.
 - c) Styrking av dei transportressursane som medlemsstatane stiller til rådvelde gjennom finansiering av dei tilleggsressursane innanfor transport som er naudsynte for å sikre

ein snøgg innsats ved større katastrofesituasjonar som høyrer inn under verkeområdet til artikkel 1. Slike tiltak kan få finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga berre dersom dei følgjande kriteria er stetta:

- i. tilleggsressursane når det gjeld transportmiddel er naudsynte for å sikre ein effektiv innsats innanfor sivil krisehandtering i medhald av fellesskapsordninga,
 - ii. det er ikkje mogleg å finne transportmiddel på andre måtar i medhald av fellesskapsordninga, medrekna bokstav b),
 - iii. den hjelpa som skal transporterast,
 - er vorten stilt til rådvelde for og godteken av ein oppmodande medlemsstat i medhald av fellesskapsordninga,
 - er naudsynt for å dekkje grunnleggjande behov som følgje av katastrofesituasjonen,
 - utfyller den hjelpa som medlemsstatane yter,
 - utfyller den samla humanitære fellesskapsinnsatsen som eventuelt vert driven i samband med katastrofesituasjonar i tredjestatar.
- 3.
- a) Medlemsstatar som ber om finansiell støtte til transport av hjelpa si, skal seinast 180 dagar etter hjelpeaksjonen betale tilbake minst 50 % av dei fellesskapsmidlane som dei har motteke.
 - b) Eventuell finansiering i medhald av finansieringsordninga skal ikkje røre ved det ansvaret som medlemsstatane har til å verne personar, eigedom og miljø på territoriet deira mot katastrofar, og skal ikkje frita medlemsstatane frå den plikta dei har til å setje krisehandteringssystema sine tilstrekkeleg i stand til at dei på ein føremålstenleg måte kan handtere katastrofar av eit slikt omfang og ein slik art at dei på ein rimeleg måte kan ventast og førebyggjast.
4. Reglane for gjennomføring av nr. 2 bokstav b) og c) og nr. 3 skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3.
- Kommisjonen skal jamleg melde frå om bruken av nr. 2 bokstav b) og c) og nr. 3 til det utvalet som er nemnt i artikkel 13.
- Dersom det er naudsynt, skal desse reglane reviderast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3.

*Artikkel 5***Støttemottakarar**

Finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga kan gjevast til privatrettslege eller offentlegrettslege fysiske eller juridiske personar.

*Artikkel 6***Ulike former for finansielle hjelpeaksjonar og framgangsmåtar for gjennomføring**

1. Kommisjonen skal yte finansiell støtte frå Fellesskapet i samsvar med finansforordninga.
2. Finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga kan ytast i form av tilskot eller kontraktar om offentlege innkjøp som vert tildelte i samsvar med finansforordninga.
3. Når det gjeld tilskot, skal Kommisjonen vedta årlege arbeidsprogram der det vert opplyst om måla, tidsplanane for ei eller fleire innbydingar til framlegg, dei aktuelle rettleiande summane, høgstesatsen for finansiell støtte og dei resultatane som er venta.
4. Når det gjeld offentlege innkjøp, skal kontraktane, medrekna rammekontraktar for mobilisering av dei midlane som er naudsynte for å gjennomføre tiltak i samband med snøgg innsats, takast med i dei årlege arbeidsprogramma.
5. Dei årlege arbeidsprogramma skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 2.
6. Budsjettet til finansieringsordninga skal gjennomførast av Kommisjonen sentralt og direkte av kontora til Kommisjonen i samsvar med artikkel 53 nr. 2 i finansforordninga.

*Artikkel 7***Deltaking for tredjestatar**

Finansieringsordninga skal vere open for deltaking for kandidatstatar.

Andre tredjestatar kan ta del i verksemd innanfor ramma av finansieringsordninga dersom det finst avtaler mellom desse tredjestatane og Fellesskapet som tillèt dette.

*Artikkel 8***Komplementaritet og samanheng i fellesskapstiltaka**

1. Tiltak som får finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga, skal ikkje ta imot støtte frå andre finansieringsordningar i Fellesskapet. Kommisjonen skal syte for at både dei som søker om finansiell støtte i medhald av finan-

sieringsordninga og dei som mottek slik støtte, gjev opplysningar til Kommisjonen om finansiell støtte som dei mottek frå andre kjelder, medrekna det allmenne budsjettet til Den europeiske unionen, og om søknader som er innleverte om slik støtte.

2. Det skal leggjast vekt på samverknad og komplementaritet med andre ordningar i Unionen eller Fellesskapet. Når det gjeld innsats i tredjestatar, skal Kommisjonen sikre at det er komplementaritet og samanheng med tiltak som er finansierte i medhald finansieringsordninga, og tiltak som er finansierte i medhald av forordning (EF) nr. 1257/96.
3. Når hjelp som vert gjeven i medhald av fellesskapsordninga, medverkar til ein breiare humanitær fellesskapsinnsats, skal tiltak som får finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga, stemme overeins med dei humanitære prinsippa som er nemnde i forordning (EF) nr. 1257/96.

*Artikkel 9***Samanheng med tiltaka til internasjonale organisasjonar og organ**

Når det gjeld hjelpeaksjonar i tredjestatar, skal Kommisjonen syte for at tiltak som er finansierte av Fellesskapet, er samordna og i samsvar med tiltak som vert gjorde av internasjonale organisasjonar og organ, særleg dei som er ein del av systemet til Dei sameinte nasjonane.

*Artikkel 10***Teknisk og administrativ støtte**

1. På initiativ frå Kommisjonen kan finansieringsordninga òg dekkje utgifter som er knytte til overvaking, kontroll, revisjon og evaluering som er direkte naudsynt for gjennomføringa av dette vedtaket. Slike utgifter kan omfatte studiar, møte, informasjonsverksemd, publikasjonar, utgifter til datanett (og tilhøyrande utstyr) for utveksling av informasjon og eventuelle andre utgifter til teknisk og administrativ hjelp som Kommisjonen kan ha i samband med gjennomføringa av dette vedtaket. Utgiftene som er nemnde i første og andre leddet, skal ikkje overstige 4 % av budsjettet.
2. Budsjettet som er knytt til dei tiltaka som er nemnde i nr. 1, skal gjennomførast av Kommisjonen sentralt og direkte av kontora til Kommisjonen i samsvar med artikkel 53 nr. 2 i finansforordninga.

Artikkel 11**Overvaking**

1. Kommisjonen skal syte for at kontraktar og tilskot som følgjer av gjennomføringa av finansieringsordninga, inneheld føresegnar om overvaking og finansiell kontroll som skal utførast av Kommisjonen (eller ein representant som har fullmakt frå Kommisjonen), om naudsynt i form av kontrollar på staden, medrekna stikkprøvar, og revisjon som skal utførast av Revisjonsretten.
2. Kommisjonen skal syte for at mottakaren av finansiell støtte i eit tidsrom på fem år etter den siste utbetalinga til eit tiltak, stiller til rådvelde for Kommisjonen all dokumentasjon om utgifter som gjeld tiltaket.
3. På grunnlag av resultatata frå kontrollane på staden som er nemnde i nr. 1, skal Kommisjonen om naudsynt syte for at omfanget av eller vilkåra for tildeling av den finansielle støtta som opphavleg var godkjend, og tidsplanen for utbetalingane, vert tilpassa.
4. Kommisjonen skal syte for at alle naudsynte åtgjerder vert gjorde for å kontrollere at dei tiltaka som vert finansierte, vert gjennomførde på korrekt måte og i samsvar med føresegnene i dette vedtaket og i finansforordninga.

Artikkel 12**Vern av dei økonomiske interessene til Fellesskapet**

1. Ved gjennomføringa av tiltak som vert finansierte i medhald av finansieringsordninga, skal Kommisjonen syte for at dei økonomiske interessene til Fellesskapet vert verna gjennom bruk av førebyggjande tiltak mot svik, korrupsjon og anna ulovleg verksemd, gjennom effektiv kontroll og tilbakebetaling av midlar som er utbetalte på urettkome vis, og dersom det vert oppdaga avvik, gjennom sanksjonar som er verknadsfulle, svarar til brotet og hindrar nye brot, i samsvar med forordning (EF, Euratom) nr. 2988/95, forordning (Euratom, EF) nr. 2185/96 og forordning (EF) nr. 1073/1999.
2. Når det gjeld fellesskapstiltak som vert finansierte i medhald av finansieringsordninga, skal forordning (EF, Euratom) nr. 2988/95 og forordning (Euratom, EF) nr. 2185/96 nyttast på alle brot på ei føresegn i fellesskapsretten, medrekna brot på ei avtaleplikt som følgjer av ei handling eller forsømming frå ein marknadsdeltakar si side, som skadar eller kan skade det allmenne budsjettet til Den europeiske unionen

eller andre budsjett som Unionen forvaltar, som følgje av ei utilbørleg utgift.

3. Kommisjonen skal syte for at den finansielle støtta som vert tildelt eit tiltak, vert redusert, oppheva eller kravd tilbake dersom han oppdagar avvik, medrekna manglande samsvar med føresegnene i dette vedtaket eller einskildvedtaket, eller i kontrakten om løyvinga av den aktuelle støtta, eller dersom det syner seg at tiltaket er vorte endra på ein slik måte at det er i strid med arten av tiltaket eller gjennomføringsvilkåra for prosjektet, utan at Kommisjonen på førehand har fått skriftleg søknad om ei slik endring.
4. Dersom fristane ikkje er vortne etterlevde, eller dersom utviklinga i gjennomføringa av eit tiltak berre rettferdiggjør bruk av ein del av den finansielle støtta som eit tiltak har fått tildelt, skal Kommisjonen syte for at støttemottakaren vert oppmoda om å leggje fram synspunkta sine innan ein fastsett frist.

Dersom støttemottakaren ikkje gjev eit tilfredsstillande svar, skal Kommisjonen syte for at den finansielle støtta som står att, kan stansast, og at summar som alt er vortne betalte ut, vert kravde tilbake.

5. Kommisjonen skal syte for at alle urettkomne utbetalningar vert betalte tilbake, saman med renter på summar som ikkje vert betalte tilbake til rett tid i medhald av dei vilkåra som er fastsette i finansforordninga.

Artikkel 13**Utvalsframgangsmåte**

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval (heretter kalla «utvalet»).
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast.
Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast.
Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
4. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 14**Budsjettmidlar**

1. Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av finansieringsordninga i tidsrommet

2007-2013 skal vere 189 800 000 euro etter gjeldande prisar.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

133 800 000 euro etter gjeldande prisar skal kome frå underavsnitt 3B «Borgarskap» i den finansielle ramma, og 56 000 000 euro skal kome frå underavsnitt 4 «EU som ein global partner».

2. Høgst 50 % av den finansielle referansesummen skal tildelast tiltak som høyrer inn under artikkel 4 nr. 2 bokstav b) og c).

Artikkel 15

Evaluering

1. Gjennomføringa av tiltak som får finansiell støtte i medhald av finansieringsordninga, skal overvakast jamleg.
2. Kommisjonen skal leggje fram følgjande for Europaparlamentet og Rådet:
 - a) Seinast 31. desember 2008, ein første evalueringsrapport om dei kvalitative og kvantitative sidene ved gjennomføringa av artikkel 4 nr. 2 bokstav b) og c) og nr. 3. I denne rapporten skal det takast omsyn til resultata av ein analyse som Kommisjonen og medlemsstatane skal gjennomføre i fellesskap innan 31. desember 2007, om kva transportmiddel og utstyr som har synt seg å vere naudsynte ved større hjelpeaksjonar innanfor sivil krisehandtering, og om dei tiltaka som er gjorde for å stette desse behova i medhald av dette vedtaket.

Dersom det verkar naudsynt i lys av konklusjonane frå denne rapporten,

- i. kan Kommisjonen eventuelt gjere framlegg om å revidere dei aktuelle føresegnene,
 - ii. kan Rådet oppmode Kommisjonen om å gjere eit framlegg med sikte på å vedta eventuelle endringar av desse føresegnene innan 30. juni 2009.
- b) Seinast 30. juni 2010, ein mellombels evalueringsrapport om dei resultata som er oppnådde, og om dei kvalitative og kvantitative sidene ved gjennomføringa av dette vedtaket.
 - c) Seinast 31. desember 2011, ei melding om vidareføringa av dette vedtaket.
 - d) Seinast 31. desember 2014, ein sluttvurderingsrapport.

Artikkel 16

Bruk

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2007 til 31. desember 2013.

Artikkel 17

Adressatar

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 5. mars 2007.

For Rådet

F.-W. STEINMEIER
President

